

Forskrift om skulereglar i Rauma kommune

Heimel: Fastsett av Kommunestyret i Rauma kommune 18.09.2025 (PS-50/25) med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30; Lov om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 10-7.

§ 1 Målet med skulereglane

Skulereglane skal gjere skulen til ein god og trygg plass å vere. Skulereglane skal bidra til at elevane trivest og lærer på skulen. Dei skal også bidra til å skape eit godt og inkluderande fellesskap på skulen.

§ 2 Kven gjeld skulereglane for

Reglane gjeld alle som er elev på ein av Rauma kommune sine skular.

§ 3 Kvar og kva tid gjeld skulereglane

Reglane gjeld i skuletida, på veg til og frå skulen, på skulearrangement, når ein er på nettet og i sosiale media. Reglane gjeld også utanfor skuletida, når det som skjer har innverknad på korleis ein har det på skulen.

For dei elevane som har tilbod om SFO gjeld reglane på veg til og frå SFO og i SFO-tida.

§4 Elevane sin rett til å bli høyrte

I alle saker som blir handsama etter desse reglane, skal omsynet til eleven sitt beste være grunnleggjande. Skulen skal ivareta elevane sin rett til å bli høyrte i saker som angår dei.

§ 5 Rettigheiter

Dette er rettigheitene dine på skulen:

- a. Å ha det trygt og godt
- b. Å bli møtt med tillit og respekt
- c. Å få seie meininga di og å bli lytta til
- d. Å få delta i skuledemokratiet og vere med å påverke skulekvardagen din
- e. Å få god og tilpassa opplæring
- f. Å ha eigendelane dine i fred
- g. Å få hjelp om du har utfordringar med å følgje skulereglane

§ 6 Plikter

Dette er pliktene dine på skulen

- a. Å bidra til at andre har det trygt og godt på skulen
- b. Å møte alle medelevar og vaksne med vennlegheit og respekt
- c. Å møte til undervisninga i rett tid og på rett stad
- d. Å delta aktivt i opplæringa og gjere ditt beste.
- e. Å rette deg etter beskjedar frå tilsette på skulen
- f. Å ha med deg utstyr du treng og halde orden i skulesakene

- g. Å la andre sine eigendelar vær i fred
- h. Å følgje ordensreglane

§7 Reglar for god orden

Det er god orden å

- a. møte til undervisinga i rett tid
- b. ha med utstyr du treng og ha orden i skulesakene
- c. gjere oppgåvene du får og levere arbeid i rett tid
- d. vere oppmerksam i timane og delta så godt ein kan
- e. ta godt vare på skulen sitt utstyr og inventar

§ 8 Reglar for god oppførsel

Det er god oppførsel å

- a. være høfleg, hjelpsam og vennleg
- b. bidra til eit trygt og godt læringsmiljø for alle
- c. gjere ein god innsats
- d. være ein god venn
- e. følgje beskjedar frå tilsette på skulen
- f. bruke fine og gode ord

§ 9 Dette er ikkje lov

Det er ikkje lov å

- a. plage, stenge ute eller mobbe andre
- b. ha med farlege eller ulovlege gjenstandar eller våpen
- c. ha med, bruke, omsetje eller vere påverka av rusmiddel
- d. røykje/vape eller bruke tobakk/snus
- e. ta eller bruke bilete, film eller lydopptak av medelever, lærarar, tilsette eller andre utan deira samtykke
- f. å ha med eller drikke energidrikke i skuletida og på veg til/frå skulen

Særskilt om mobiltelefonar og likande

Mobiltelefonar, smartklokker og andre private kommunikasjonsmiddel skal ikkje brukas i skuletida. Elevar som har med slike, leverer desse inn i starten av skuledagen og får dei tilbake når skuledagen er slutt.

Med smartklokker meiner ein klokker som kan kommuniser med andre med hjelp av mobilnett, wifi, bluetooth eller liknande.

§ 10 Skulen, trinnet og klassen sine reglar

Skulen kan fastsetje egne reglar som utdjupar, utfyller og konkretiserer reglane i denne forskrifta. Dette kan for eksempel vere egne klassereglar eller reglar tilpassa spesielle forhold ved skulen.

- a. Å fastsetje egne reglar i klassen, på trinnet og på skulen er ei viktig oppgåve for skuledemokratiet.
- b. Skulereglane skal gjelde det som er viktigast for elevane i skulekvardagen.
- c. Det må ikkje bli så mange reglar at det blir vanskeleg å halde oversikt og etterleve reglane.
- d. Reglane som skulen lager kan ikkje innskrenke rettene elevane har etter skulereglane til kommunen.

§ 11 Tiltak dersom eleven bryt skulereglane

Brot på skulereglane kan føre til desse reaksjonane:

- a. Ved eit eller nokre få mindre brot på skulereglane, kan læraren eller ein annan vaksen ta dette opp med eleven i ein samtale
- b. Dersom eleven forstyrrar læringa for dei andre elevane, kan læraren endre kvar eleven sitt i klasserommet.
- c. Ved fleire eller grove brot skal skulen ha samtale med eleven og føresette
- d. Inndraging av gjenstandar
- e. Pålegg om utbetring av skadar
- f. Bortvising frå ei opplæringsøkt i inntil to timar
- g. Bortvising resten av dagen
- h. Bortvising for ein til tre skuledagar (berre ein dag for elever på 1. – 7. trinn)

Bortvising skal berre nyttast unntaksvis og ved fleire eller grove brot på skulereglane. Eit vedtak om bortvising for ein til tre dagar er eit enkeltvedtak og følgje faste reglar for sakshandsaming jf. §12. Føresette skal varslast dersom ein elev vert vist bort for resten av dagen.

Dei vaksne på skulen skal alltid tenke på korleis dei kan handle til det beste den enkelte elev og klasse/skulemiljøet.

Skulen kan ikkje bruke andre tiltak enn dei som er fastsett i denne forskrifta. Tiltaket skulen sett i verk, skal stå i et rimeleg forhold til regelbrotet. Det vil seie at skulen ikkje skal reagere kraftigare enn det er grunnlag for.

Fysisk inngripen

Skulen kan gripe inn fysisk for å avverje skade med meir, jf. [opplæringslova § 13- 4](#)

§ 12 Sakshandsaming ved brot på skulereglane

Skulen skal følgje reglane for god sakshandsaming

Eksempel på korleis skulen kan reagere om eleven har brote skulereglane fleire gonger eller på ein alvorleg måte:

- a. Dersom eleven fleire gonger eller i alvorleg grad forstyrrar undervisninga eller gjer medelevane sine utrygge, kan læraren vise eleven ut av undervisninga i inntil to timar. Eleven skal få ei god forklaring på kvifor eleven ikkje får delta i undervisninga. Dei alternative oppgåvene eleven får, skal vere slik at eleven kan lære av dei.
- b. Dersom eleven på andre måtar har ein oppførsel som bidreg til å gjere skulemiljøet utrygt for medelevane, skal rektor eller nokon annan i skuleleiinga ta ein samtale med eleven. Eleven kan få ha med seg ein eleven er trygg på i samtalen – det kan være ein lærar, eller ein annan vaksen på skulen som eleven er trygg på. Eleven skal få fortelje korleis situasjonen vart opplevd. Rektor skal lytte til eleven og legge vekt på det eleven seier. Saman skal ein leggje ein plan for korleis eleven skal kunne følge reglane på skulen. Rektor skal ta utgangspunkt i at tiltaka skal være til det beste for eleven og medelevane, og at tiltaka skal auke sjansane for at eleven følgjer skulereglane i framtida. Dersom eleven ikkje forbetrar oppførselen sin, skal rektor invitere føresette til ein samtale saman med eleven.
- c. Om ein elev ofte bryt ein eller fleire av skulereglane, skal kontaktlærar ta ein samtale med eleven og eleven sine føresette. Då skal dei saman finne ut kva som skal til for at skulereglane skal bli følgt. Dersom dette ikkje fører til betring vert det kalla inn til møte der også ein frå leiinga på skulen deltek
- d. Dersom ein elev har med farlege eller ulovlege gjenstandar på skulen, vil skulen ta dei ifrå eleven. Farlege eller ulovlege gjenstandar får du ikkje tilbake. Dei må hentast av føresette eller vert levert til politiet.
- e. Skulen vil normalt melde frå til politiet om eleven gjer ting som er straffbart. Skulen vil vurdere graden av det straffbare i forhold til alder og modning hos eleven.
- f. Ved fleire eller grove brot på skulereglane, kan rektor vise eleven bort frå skulen. Dette kan til dømes være om oppførselen går alvorleg ut over tryggleiken eller læringa til ein eller fleire medelever, eller om eleven bruker vald eller truslar. Skulen kan og bør vurdere andre mindre inngripande tiltak dersom det er mogleg og vert vurdert som tilstrekkeleg.
- g. Bortvising for ein dag eller meir, vil være eit enkeltvedtak etter forvaltningslova og reglar for sakshandsaming skal følgast. Rektor har då plikt til å greie ut og opplyse saka skikkeleg, og til å informere om kva som er lagt til grunn for vedtaket om å utvise eleven. Eleven har rett til å bli høyrte i saka før det vert gjort eit vedtak. Ein har også rett til å klage på avgjerda.

Skulen skal ikkje bruke merknader som refsingstiltak, eller reagere med andre tiltak enn dei som er nemnt her i skulereglane. For å kunne vurdere kva ein elev skal få som karakter i orden og oppførsel, må skulen ha ein dokumentasjon å vise til for å grunngje og dokumentere fastsetjing av karakter i orden og oppførsel.

§ 13 Skuledemokratiet

Skulen skal hjelpe elevane i arbeidet med skuledemokratiet, slik det står i [§ 10-4 i opplæringslova](#). Skulen skal legge til rette for at alle elevane skal kunne ytre seg, og oppmuntre dei til å delta i skuledemokratiet.

Skulen skal ha eit elevråd og eit foreldreråd(FAU), slik det står i [§ 10-5 i opplæringslova](#). Elevane kan velgje å organisere seg på ein annan måte. Det kan foreldra/dei føresette også. Om elevane eller foreldra/dei føresett ønskjer ei anna organisering, skal dette bli fastsett i skulen sine egne reglar.

Skulen skal også ha eit samarbeidsutval(SU). Utvalet gir råd og kjem med forslag til skuleleiinga. Utvalet skal få være med å planleggje, gjennomføre og vurdere skulens verksemd, blant anna arbeidet med skulemiljøet, kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetjing av skulereglar. Utvalet skal ikkje handsame saker som er omfatta av lovfesta teieplikt.

Samarbeidsutvalet skal bestå av seks eller ni personar: like mange elever, føresette og tilsette. I tillegg møter rektor som sekretær for utvalet. Elevane har møte-, tale- og forslagsrett i samarbeidsutvalet, men ikkje møteplikt. Føresette, tilsette og skuleleiinga kan også førebu og melde saker til samarbeidsutvalet.

Rektor og ein av dei føresette har saman ansvar for å kalle inn, sende ut sakspapir og skrive referat frå møta. Utvalet skal ha minst fire møter i året. Utvalet avgjer sjølv når på året det skal utnemnast nytt utval. Samarbeidsutvalet kan utforme egne reglar om korleis arbeidet i utvalet og samarbeidet mellom skulen og heimen skal skje. Samarbeidet må uansett oppfylle minstekravet i opplæringslova med forskrifter.

Rauma kommune har eit kommunalt brukarråd for skuleområdet. Dette er vedtatt i «Retningslinjer for Brukarråd i Rauma kommune» og vedtatt av kommunestyret 16.12.2016 og revidert 06.04.2022. Brukarrådet er samansett av FAU-leiar frå den enkelte skule, samt elevrådsleiar ved kvar ungdomsskule. Kommunalsjef for skule er sekretær.

§ 14 Vurdering

Elevane sin orden og oppførsel skal vurderast ut ifrå skulereglane. Kva eleven kan i faga skal ikkje takast med i denne vurderinga.

Orden heng blant anna saman med om eleven kjem i tide, er førebudd og gjer skulearbeidet sitt(jf. §7).

Oppførsel heng saman med om eleven viser omsyn og respekt for andre og det som elles kjem inn under skulereglane(jf. §§ 8 og 9).

Vurderinga i orden og oppførsel skal før til at eleven lærer sosiale ferdigheiter, at skulemiljøet blir trygt og godt, og at elven får betre greie på kva som er god orden og oppførsel. Eleven skal bli gjort kjent med skulereglane.

I vurderinga skal det tas omsyn til forutsetningane til eleven. Det skal ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar, med mindre dei er særleg klanderverdige eller grove.

§ 15 Når trer reglane i kraft

Desse skulereglane trer i kraft 01.11.2025. Ordensreglement vedtatt av Rauma kommunestyre 10.05.2011 er samtidig oppheva.

Forskrifta vert rullert ved behov og minimum kvart femte år.